

VR-sak 23/17: Nordsjøkommisjonen: Etablering av permanent sekretariat.

Samandrag

Nordsjøkommisjonen har dei siste åra hatt diskusjonar kring ei meir berekraftig organisering av organisasjonen, m.a. ved å etablere eit permanent sekretariat. Det har vore sett ned ei arbeidsgruppe i kommisjonen for å sjå på utviklinga av ein ny økonomisk modell for organisasjonen, dette for å unngå at regionen som har presidenten må ta ei uforholdsmessig stor byrde. Per i dag betaler regionen som har presidenten for sekretariatet, tilsvarande to stillingar. Dette har ført til eit demokratisk underskot i val av president, då ei rekke regionar ikkje har råd til å stille slikt sekretariat til rådvelde.

Generalforsamlinga vedtok i juni 2017 å sende ut ei utlysing til alle medlemsregionar om å vere vertskap for eit permanent sekretariat¹. Det er opning for at ein region eller eit samarbeid av regionar kan ta på seg denne oppgåva. Det er sett av midlar i NSC sitt budsjett til å bidra til utgiftene.

Bakgrunn

Eit sekretariat i Nordsjøkommisjonen skal sikre drift av organisasjonen, støtte opp om presidentskapen sitt virke, vere ein pådrivar av oppfylging av Nordsjøstrategien og halde kontinuerleg kontakt med medlemsregionar, organisasjonar og EU- institusjonar.

Generalforsamlinga i Göttingen i juni 2017 vedtok ein ny organisasjonsmodell der ein splittar president og sekretariat. Dette vil kunne medverke til å sikre at alle regionar har større moglegheit til å stille president, samt ein kontinuitet i sekretariatsarbeidet. Det er sett ein frist til 20. desember 2017 for interesserte regionar til å melde si interesse til å vere vertskap for eit permanent sekretariat. Ein søknad må innehalde ei kortfatta skildring av korleis eit sekretariat kan organiserast. Det å melde si interesse er ikkje bindande.

Styret i Nordsjøkommisjonen vil deretter inngå forhandlingar med interesserte regionar med mål om å ha ein formell avtale på plass i styremøtet i mars 2018. I mars 2018 må difor interesserte regionar vere villige til å forplikte seg til denne oppgåva.

Kvifor er dette relevant for Vestlandsrådet?

Fylkeskommunane på Vestlandet har ei klår politisk rolle gjennom verv i internasjonale nettverk og organisasjonar som gjev ein direkte kanal for påverknad inn mot EU-systemet. Hordaland stilte sekretariat i den perioden som tidl. fylkesordførar Tom-Christer Nilsen var president (2014-16). For Hordaland har det vore eit strategisk grep å stille president og sekretariat i Nordsjøkommisjonen for å påverke rammevilkåra på vegne av Hordalandssamfunnet. Det å ha sentrale politiske verv gjev moglegheit til å setje agenda og det gjev tilgang til nettverk og ein informasjonsflyt frå EU-systemet som norske fylke vanlegvis ikkje har. Dette kan nyttast som eit verktøy i regional utvikling.

Vestlandsrådet har no eit unikt høve til å posisjonere seg i Europa ved å utforske moglegheita for i fellesskap å etablere eit permanent sekretariat på Vestlandet. Det vil sikre kontinuitet ved å gjere nytte av kunnskap og nettverk bygd opp over fleire år, gjennom erfaring med president og sekretariat og andre verv i organisasjonen. Med eit aukande fokus på fylkesovergripande oppgåver, er det internasjonale feltet eit døme der ein står sterkare saman.

¹ Utlysinga gjeld ei periode på 3,5 år frå sumaren 2018 og ut 2021, med moglegheit for forlenging.

Noreg, utanfor EU, har få formelle kanalar for å påverke EU sin politikk. Dei uformelle kanalane vert difor viktige å nytte på ein god måte. Eit permanent sekretariat på Vestlandet vil sikre direkte link til EU-institusjonane som fylkeskommunane kan nytte seg av for å få betre innsikt i EU sin agenda, særleg i ein tidleg fase der ein kan påverke utfallet av prosessane. Regionale politikarar er døropnarar for lokalt næringsliv og forskingsmiljø. Eit nærvær gjennom eit permanent sekretariat vil også gjere Vestlandet som region synleg på den europeiske agendaen. Over år har Vestlandsfylka bygd opp eit aktiv engasjement i Nordsjøkommisjonen og CPMR, noko som gjev eit godt utgangspunkt.

Økonomi

Eit sekretariat i Nordsjøkommisjonen utgjer omlag to stillingar. I utlysinga er det sterkt tilrådd at minst ein person i sekretariatet har kontorstad i Brussel; anten hos CPMR eller hjå eit regionkontor.

Det har vore tradisjon for at alle norske fylkeskommunar i Nordsjøkommisjonen bidreg inn i eit norsk sekretariat. I perioden 2014-16 utgjorde det NOK 50 000 per fylke. Det var i denne perioden 10 norske medlemsfylke i tillegg til Hordaland. Regionreforma og andre interne prosessar gjer det noko uklart kor mange norske medlemsregionar det vil vere i framtida.

I budsjettet for Nordsjøkommisjonen i 2018 er det sett av 48 000 euro (omlag NOK 450 000) til å bidra til kostnader knytt til eit permanent sekretariat. Nordsjøkommisjonen betaler allereie for reiseutgifta til sekretariatet.

Resterande utgifter må ein ny vertsregion, eller eit samarbeid mellom fylkeskommunar eller regionar, betale.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet ønskjer å melde si interesse for å vere vertskap for eit permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen, anten ved at eitt fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om dette innan fristen 20. desember 2017.
2. Vestlandsrådet gjev fullmakt til AU for å fullføre denne søknadsprosessen.
3. Vestlandsrådet ber om at det til første møte i 2018 vert lagt fram ei eiga sak som synleggjer ein ev. søknad samt ei mogleg organisering for eit slikt sekretariat.
